

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 26.04.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ser Universitetet i Bergen sin kunnskapsbasen Grind som ein framtidretta digital satsing.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek å disponere midlane som er avsett til digital formidling på kr. 515 000 fordelt over 3 år til fagleg utvikling og samarbeid med kunnskapsbasen Grind.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling set som føresetnad at midlane vert knytt opp mot fylkeskommunale satsingar som kulturminneplanar i kommunane, utvikling av nettstadane til biblioteka, NDLA (digitale læremiddel for vidaregåande opplæring) og andre digitale kultursatsingar på Vestlandet.